

**STYRESAK 039/17 Administrerende direktør si orientering pkt. 1
OVERSIKT OVER TILSYNSSAKER I HELSE VEST:
OVERSIKT OVER STATUS I TILSYNSSAKER SOM ER GJENNOMFØRTE,
ELLER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

(Nye saker og nye aktiviteter i perioden er merka med raud skrift.)

Nytt sidan førre rapportering:

- Helse Fonna HF har hatt postalt tilsyn ved Valen sjukehus i regi av Arbeidstilsynet med tema arbeidsmiljø. Det blei ikkje avdekket avvik, og tilsynet er avslutta (sjå s. 6). Fonna har også hatt tilsyn av Luftfartstilsynet ved Haugesund helikopterplass, sjukehuset, og det blei gitt merknadar i samband med manglar i «flyplasshandboka». Desse manglane er retta opp, og Luftfartstilsynet har avslutta tilsynet (sjå s. 15).
- I Helse Stavanger HF har Rogaland brann og redning IKS hatt tilsyn ved Engelsvoll¹ og ambulansesentralen på Bekkeheien (Hå kommune), og det blei gitt til saman to avvik og to merknadar. Helse Stavanger har retta opp avvika, og tilsynet er avslutta (sjå s. 21-22).
- Når det gjeld det landsomfattande tilsynet knytt til sepsisbehandling har både Helse Bergen HF og Helse Fonna HF motteke brev frå Fylkesmannen i Hordaland med opplysning om dato for journalgjennomgang etter tilsyna som blei gjennomført hausten 2016. Hos Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF blei det avdekket høvesvis to og tre avvik knytt til identifisering og behandling av pasientar med sepsis, eller mistanke om sepsis, i somatiske akuttmottak (sjå s. 2-3).
- Sidan sist har det vore til saman tre nye tilsyn, og fire av tilsyna er avslutta.

¹ 14 døgnplassar med treningsbustadar og poliklinisk oppfølging av menneske frå 18-30 år med alvorlege psykiske lidningar

**HELSETILSYNSMYNDIGHETER:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Bergen HF	Tilsyn ved laboratorieklinikken, Hormonlaboratoriet (Genteknologi-loven). Tilsynet i regi av Helsedirektoratet.	21.11.2016	1 avvik. 1 merknad.	01.07.2017	Brev av den 10.08.16. med varsel om tilsyn 17. – 19.10.16. Helse Bergen HF må sende inn informasjon innan den 23.09.16. Tilsyn 17.10.16. Rapport motteke den 21.11.16.	
Helse Bergen HF	Landsomfattande tilsyn ved Akuttmottak, Mottaksklinikken. Tilsynet omfattar identifisering og behandling av pasientar med sepsis eller mistanke om sepsis i somatisk akuttmottak.	19.09.2016	<u>2 avvik:</u> 1. Fleirtalet av pasientane som hadde sepsis med organsvikt fekk ikkje starta behandling med antibiotika innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningslinjer og i sjukehusets prosedyrar. Årsakene til dette er samansette. 2. Pasientar med sepsis får ikkje alltid observert vitale parametre etter triagering i Akuttmottak. Mangelfulle observasjonar fører til risiko for svikt i vurdering og behandling av pasientar med sepsis.	Dato ikkje sett	Brev mottatt den 07.03.16 med varsel om tilsyn ved Akuttmottak, Mottaksklinikken, tilsynet er planlagt gjennomført 22.-23.06.16. Brev mottatt den 20.09.16 med oppsummeringsrapport etter landsomfattande tilsyn – «Stopp Sepsis», med følgjande tilråding om at leiinga må leggje betre til rette for at helsepersonell kan drive forsvarleg behandling i periodar med stor pågang av pasientar. Det står vidare at det er samansette årsaker til svikten, men den største utfordringa ligg til leiinga. Dei må finne fram til dei tiltaka som er mest relevante og høvelege for å løyse logistikkproblema, og sørkje for nok legar med tilstrekkeleg kompetanse. Tilbakemelding på rapport blei sendt frå Helse Bergen HF den 01.10.16. med oversikt over tiltak for å rette avvika. E-post motteke den 26.10.16. der det blir bedt om ei ny tilbakemelding innan 15.02.17. om status i arbeidet. Denne tilbakemeldinga vil falle saman i tid med neste planlagde journalgjennomgang.	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					<p>Brev motteke den 24.01.17. med varsel om journalgjennomgang som oppfølging etter tilsynet. Formålet med førestående journalgjennomgang er å samanlikne funna frå før tilsynet med funna etter 8 og 14 månader.</p> <p>Brev motteke den 27.02.17 om at journalgjennomgang vil finne stad den 24.03.17. og at tilbakemelding om resultat frå gjennomgangen vil bli 31.03.17.</p>	
Helse Fonna HF	Tilsyn med sepsisbehandling i akuttmottak Haugesund sjukehus, Helse Fonna HF. 06.-07. juni 2016	28.08.2016	<p>3 avvik.</p> <p>Avvik 1. Fleirtalet av pasientar med sepsis og organdysfunksjon fekk ikkje starta behandling med antibiotika innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningsliner og i sjukehusets prosedyrar.</p> <p>Avvik 2. Leiinga har ikkje sørnga for at det er tilstrekkeleg legekompentanse i akuttmottaket slik at undersøking og oppstart av behandling av pasientar med sepsis kan bli gjennomført innan tidsfristar fastsette i nasjonale retningsliner og sjukehusets prosedyrar.</p> <p>Avvik 3. Leiinga har ikkje sørnga for at sjukepleiarar i akuttmottak har fått nødvendig opplæring og fagkompetanse om sepsis.</p>	01.10.16	<p>Fylkesmannen ber om ein plan for korleis helseføretaket vil rette opp avvika innan 1.oktober.</p> <p>03.10.16 Handlingsplan etter tilsyn med Helse Fonna HF «Stopp sepsis» 06. – 07.2016, er sendt.</p> <p>26.10.16 Svar frå Fylkesmannen, og det er ingen merknadar til handlingsplanen. Ber om ny tilbakemelding innan 15.02.17 om status og framdrift av handlingsplanen, og det blir ny journalgjennomgang februar 2017.</p> <p>14.02.17 Brev til Fylkesmannen i Hordaland med informasjon om status og framdrift av handlingsplan.</p> <p>27.02.17 Brev frå Fylkesmannen i Hordaland: Melding om at det blir journalgjennomgang etter tilsyn med sepsis den 24.03.17.</p>	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Helse Stavanger HF	Akuttmottak/MOBA og sepsisbehandling «Stopp sepsis». Tilsyn gjennomført 8.-9. juni 2016.	01.09.2016	Eitt avvik knytt til oppstart av antibiotikabehandling ved sepsis.	Frist for tilbakemelding 01.10.2016	<p>Ikkje alle pasientar med sepsis med organdysfunksjon får starta opp med antibiotikabehandling innan tidsfristar fastsett i nasjonale retningslinjer og i sjukehusets egne prosedyrar.</p> <p>Helse Stavanger har starta arbeidet med å lukke avviket. Mellom anna er det starta opp med systematisk opplæring på morgonmøte for legar og sjukepleiarar om tidleg igangsetting av antibiotika i triage.</p> <p>Helse Stavanger gitt tilbakemelding den 11.10.2016.</p> <p>Brev datert 08.11.2016 er motteke frå Fylkesmannen. Tilsynet vil bli gjenteke nasjonalt i løpet av 6-8 månadar med nye målingar.</p>	
Helse Førde HF	Antibiotikabehandling og organisering i akuttmottak knytt til «Stopp sepsis». Tilsyn gjennomført 20.-21. juni 2016.	Førebels rapport av 01.07.2016	<p>2 systemavvik:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppstart tid behandling - Organisering i mottak 		<p>Om avvika:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gjennomgang av journalar viser manglar gjeldande start av behandling med antibiotika innan tidsfristar sett i nasjonale faglege retningslinjer og interne prosedyrar. - Leiinga har ikkje organisert akuttmottak med tilstrekkelege sjukepleieressursar til rask triagering /prioritet ved stor pasienttilstrøyming. <p>Frist for tilbakemelding er 19.08.16</p> <p>Tilbakemelding på førebels rapport sendt Fylkesmannen 21.08.2016. Dialog med Fylkesmannen om endeleg rapport.</p> <p>Endeleg rapport mottatt 08.09.2016. Frist for tilbakemelding er 15.10.2016.</p>	

HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					<p>Tilbakemelding om forbedringstiltak sendt den 04.11.16.</p> <p>Brev frå Fylkesmannen (FM) motteke 11.11.2016 med gode tilbakemeldingar på dei føreslåtte tiltaka. FM ønskjer ny status frå Helse Førde innan den 15. 02.2017.</p> <p>Brev, dagsett 10.02.2017, sendt til Fylkesmannen. Skildring av iverksette tiltak.</p>	
Helse Fonna HF	Tilsyn med handtering av blod, blodkomponentar, celler og vev samt aktivitet knytt til organdonasjon.	9. -11. febr.16	Det blei avdekket eitt avvik under tilsynet: Helse Fonna følgjer ikkje opp at etablerte kontrollrutinar for identitetssikring av pasient i samband med blodoverføring blir følgd ved alle kliniske avdelingar.	01.06.16	<p>Helsetilsynet ber om:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Helseføretaket sin handlingsplan for korrigerande tiltak - Beskriving av korleis helseføretaket skal følgje opp at tiltak som er sett i verk fungerer som planlagd. <p>Handlingsplan for korrigerande tiltak etter tilsyn sendt den 04.05.2016</p>	

**ANDRE TILSYNS- OG KLAGEORGAN:
OVERSIKT OVER SAKER SOM IKKJE ER AVSLUTTA I PERIODEN.**

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Arbeidstilsynet	Helse Fonna HF v/Valen sjukehus	Postalt tilsyn – Seksjon for spesialisert behandling		Arbeidstilsynet ber om svar på spørsmål knytt til arbeidsmiljø.		27.02.17 Tilbakemelding frå Akuttpost, spesialisert behandling med svar på spørsmåla som blei stilt. 09.03.2017 Brev frå Arbeidstilsynet. Sjukehuset har etter Arbeidstilsynet si vurdering svart tilfredsstillande på dei spørsmål som blei stilt i det postale tilsynet. Arbeidstilsynet skriv at det ikkje er grunn til å gi varsel om pålegg for dei tema som blei gjennomgått.	09.03.2017
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Oppfølgingsmøte med bedriftshelse- tenesta i samband med godkjenning- ordninga	(ikkje opplyst)			Brev av den 16.08.16 med varsel om oppfølgingsmøte i samband med brevet planlagt den 23.11.16. Brev motteke den 14.12.16 med informasjon om at godkjenningseininga i Arbeidstilsynet har vurdert at opplysningane som er gitt i søknaden fortsatt er gjeldande, og at grunnlaget for godkjenninga datert 08.02.13 framleis er til stades.	14.12.2016
Arbeidstilsynet	Helse Bergen HF	Arbeidsmiljølova sitt krav for å førebyggje arbeidsrelatert sjukdom og skade. Avd. for rusmedisin	10.04.2015	Pålegg: 1. Verneombud inndeling i verneområde. 2. Omstilling – risikovurdere og sette i verk tiltak.	01.07.2015 (det er bedt om utsetting av fristar i tilbake- meldinga av 11.05.2015, til respektive 01.10 og 01.12.2015.”	Tilsynet blei gjennomført 11.02.2015. Arbeidstilsynet opplyser i brev datert 03.03.2015 om forlenga sakshandsamingstid. Tilsynsrapporten blei motteke 10.04.2015 med varsel om at det vert vurdert å gje pålegg til verksemda. Frist for til tilbakemelding er 11.05.2015, og det vil deretter bli sendt eit eige brev om den vidare oppfølginga.	14.12.2016
				3. Vold og truslar –	01.06.16	Tilbakemelding om gjennomførte tiltak og	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				<p>kartlegging, risiko- vurdering og tiltak.</p> <p>4. HMS-arbeid – kunnskap og ferdigheiter</p>	01.06.2016/ 01.10.2016	<p>plan for tiltak som skal gjennomførast med fristar blei sendt til Arbeidstilsynet den 11.05.2015.</p> <p>Vedtak om pålegg blei mottatt 14.07.2015</p> <p>Svarbrev sendt frå Helse Bergen den 29.10.2015 der dei tre første pålegga er følgt opp. Det er bedt om utsetting av svar til 06.10.2016 for pålegg nr. 4.</p> <p>Brev frå Arbeidstilsynet er mottatt den 03.02.16 med informasjon om at pålegg 1 og 2 er oppfylt. Pålegg 3 har fått fristutsetjing til 01.06.16. Pålegg 4 har fått fristutsetjing til 01.10.16.</p> <p>Svarbrev sendt frå Helse Bergen HF den 26.05.2016 i samband med pålegg 3, og korleis dette er følgt opp.</p> <p>Svarbrev sendt frå Helse Bergen den 26.09.2016 i samband med resten av pålegga, og korleis dei er følgt opp.</p> <p>Den 14.12.16. ringte AFR til Arbeidstilsynet, det ble da gitt beskjed om at tilsynet er avslutta.</p>	
Arbeidstilsynet	Alle	Nasjonal tilsynskampanje med særleg fokus på førebygging av muskel- og skjelettplager	07.04.2011		<p>Fleire fristar Nye fristar: 1/3, 1/4, 1/6, 1/7 og 31/12 2013. Nye fristar fram til 01.01.2016</p> <p>Ny frist for Sogndal er</p>	<p>Helse Fonna: Avslutta 3.7.13</p> <p>Helse Førde blei gitt elleve pålegg. Det er ulike fristar for tilbakemelding, den siste er i 2013. Det blei halde slutt møte i Førde 19.10.11. Ti pålegg er lukka per 01.01.13. Det er søkt om dispensasjon frå eitt punkt. Midlertidige tiltak for garderobeavvik er utført, og Arbeidstilsynet har bede om tidfesta plan for endelege tiltak i bygget innan 01.08.13 Vidare tiltaksplan vart sendt til Arbeidstilsynet</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
					31.08.2016. Ny frist 01.04.2017	<p>26.06.13. Brev om utsetjing av fristar for 7 ambulansestasjonar frå Arbeidstilsynet, datert 08.04.2014.</p> <p>Status pr. 05.12.2014: Helse Førde har framleis dispensasjon når det gjeld Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik og Sogndal. Helse Førde melder og om at Gloppen og Årdalstangen er flytta i nye og oppdaterte lokale, og at Eid og Lærdal er under arbeid. Status pr 10.06.2015: Eid og Lærdal er ferdigstilt. Vik og Høyanger er no ute på anbod, og Selje skal inn i mellombelse lokale hausten 2015.</p> <p><u>Status september:</u> Nytt brev frå Arbeids tilsynet av 18.9.15, svarfrist 5.10.15</p> <p>Ambulansestasjonane er tatt med i bygningsmessig utviklingsplan, nyleg vedtatt av styret i Helse Førde. Ad Sogndal: Arbeidstilsynet har etterspurt status brev dagsett 18.9 med frist 05.10.15. Helse Førde har sett ned ei arbeidsgruppe som skal jobbe vidare med mål om å finne romløyisingar som stettar krava til stasjon innan for tilgjengeleg areal. Dette inkluderer både garasje og garderobeanlegg. Tilsvar til Arbeidstilsynet er under ferdigstilling. Det må påreknast at det vert søkt om ein ny dispensasjon.</p> <p>Øvrige stasjonar: pågåande prosess på anbod og anskaffing av ny stasjon i Høyanger og Vik. Forhandlingar pågår. Selje har teke i bruk mellombelse lokale.</p> <p>Arbeidstilsynet har etterspurt status i Sogndal</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>i brev dagsett 18.9 med frist 05.10.15. Helse Førde har sett ned ei arbeidsgruppe som har utarbeidd framdriftsplan, støtta av VO/TV. Det vert søkt Arbeidstilsynet om utsett frist til 31.07.2016.</p> <p><u>Status des. 2015:</u> Forhold er med i bygningsmessig utviklingsplan styrevedtatt i haust -15. Prossessar anbod, anskaffelsar og forhandlingar for Høyanger og Vik. Teke i bruk mellombel lokale Selje. Søknad om ny frist for Sogndal sendt 17.11.15, innvilga ved brev frå Arbeidstilsynet 02.12.15.</p> <p>Det er sett opp møte mellom Helse Førde og Arbeidstilsynet den 12.09.2016.</p> <p>Helse Bergen overtok drift av Gulen 01.09.2016. Ad Sogndal avventar Helse Førde kommunal handsaming. Arbeidstilsynet (AT) vil bli haldt oppdatert. Når avgjerd frå kommunen ligg føre vurderer AT ny disp. søknad frå Helse Førde. Tilhøva vert rapportert i drift og er tatt inn i HMS-handlingsplan for 2016/2017.</p> <p><u>Status des. 2016:</u> Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Gjennomført møte med Arbeidstilsynet 12.9.16. Aktuell dokumentasjon og framdriftsplanar er avtalt oversendt. På bakgrunn av desse vil AT vurderer søknaden. Tilhøva vert rapportert i drift og er tatt inn i HMS-handlingsplan for 2016/2017. Der er planar og arbeidsgrupper med TV/VO ved alle aktuelle stasjonar.</p> <p>Helse Førde har hatt dispensasjon når det</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>gjeld, Selje, Bremanger, Askvoll, Fjaler, Gulen, Vik, Høyanger, Lavik, Fjaler og Sogndal. Helse Førde har søkt Arbeidstilsynet om ny dispensasjon til 30.6.17. Oppsummering frå møte med tilsynet gjennomført 26.01.2017: Helse Førde sender Arbeidstilsynet ei oversikt over alle ambulansestasjonane der det blir gitt status OK eller avvik på følgjande punkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> Garasje - utrykkingskøyretøy Garderobe Vaskerom Toalett-dusj Ventilasjon Kvilerom/soverom <p>Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Når det gjeld Sogndal ambulansestasjon opplyste Helse Førde at det står att nokre forhold som må avklarast med Sogndal kommune før ein kan setje i gang med nybygg.</p> <p>Frist for tilbakemelding 1. april 2017. Helse Førde må dokumentere at dei tilsette har medverka både når det gjeld utforming av nye lokale og midlertidige tiltak der dette er aktuelt.</p> <p>I Helse Bergen Tilsynet her er avslutta (lukka). Helse Stavanger Tilsynet her er avslutta (lukka).</p>	
Datatisynet	Helse Stavanger HF	Brevkontroll med helseføretakas behandling av helseopplysningar til intern kvalitets-sikring etter Helse-				<p>(dato for brev ikkje opplyst). Helse Stavanger HF har innan svarfristen gitt Datatisynet skriftlig utgreiing for dei forhold Datatisynet etterspør. Det er samtidig sendt ein del etterspurt dokumentasjon. Ventar på svar frå Datatisynet.</p>	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		personelloven §26.					
Datatilsynet	Helse Bergen HF	Brevkontroll med helseføretakas behandling av helseopplysningar til intern kvalitets-sikring etter Helse-personelloven §26.				<p>Brev dagsett 24.10.16 med varsel om at det skal gjennomførast brevkontroll.</p> <p>Frist for å svare på spørsmåla i brevet er sett til den 25.11.16,</p> <p>Brev motteke den 24.11.16, med informasjon om utsett svarfrist til 22.12.16.</p> <p>Brev av den 22.12.16. med svar på det som var etterspurt i brevkontrollen.</p>	
Datatilsynet	Alle	Med bakgrunn i konsolideringa av helseføretaka sine elektroniske pasientjournalar i ein database har Datatilsynet ved likelydande brev til helseføretaka sett i gang ein brevkontroll med om HF-a sin pasientjournal, inklusive pasient-administrativt system handsamast i samsvar med pasientjournal-lova sine føresegner	Brev dagsett 31.03.2015		25.05.2015 (saka er under behandling, og frist for lukking av tilsynet ikkje angitt)	<p>Helseføretaka vil svare ut Datatilsynet om kva dei har tenkt å gjere relatert til moglegheitene i nytt pasientjournaloververk, som tok til å gjelde frå årsskiftet.</p> <p>Føretaksgruppa i Helse Vest har gjennom fleire år arbeidd med utvikling av elektronisk pasientjournal. Den siste milepælen i dette arbeidet fann stad 9. mars 2015 da alle føretaka sine elektroniske pasientjournalar blei samla i ein database. Konsolideringa i ein database inneberer ikkje at helseføretaka har slått saman pasientjournalssystema, verken i forståinga av ein stor felles verksemdsovergripande løysing, eller ei løysing der det er opna for tilgang på tvers. Konsolideringa inneberer at vi har lagt til rette for å ta i bruk dei moglegheitene som ligg i nytt pasientjournaloververk, som tok til å gjelde frå årsskiftet.</p> <p>Det å ta i bruk det moglegheitsbilete som no ligg i lovgivinga er kanskje det viktigaste vinstpotensialet ved konsolideringa, og føretaksgruppa arbeidar aktivt for å kome i posisjon til å ta ut desse vinstane. Her står</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>det att noko arbeid, i første rekke i samband med å sikre at alle helseføretaka har hand om eigen implementering og etterleving av regionale føringar og styringssystem, og i tillegg ferdigstilling av risikovurderingar for ibruktaking av funksjonaliteten tilgang på tvers, samt ferdigstilling av nødvendig avtaleverk.</p> <p>Helseføretaka ønskjer å svare ut Datatilsynets brev i forhold til det vi innan kort tid har tenkt å gjere relatert til moglegheitene i nytt lovverk. Bakgrunnen for det skyldast mellom anna sjølv konsolideringa som fant stad per mars 2015, ikkje innebar endringar ut over kva ein la til grunn at tidlegere lovverk opna for og mellom anna fordi helseføretaka legg til grunn at det er viktigare nå å fokusere på og få gjennomgått dei endringar som er nært føreståande, og som handlar om det komande oppsett av elektronisk pasientjournal i føretaksgruppa. Dette vil dels vere basert på pasientjournallova § 9 og dels basert på tilgang til journaldokument på tvers av føretak med heimel i pasientjournallova § 19, jf. forskrift om tilgang til helseopplysingar mellom verksemder.</p> <p>For å kunne gi eit slikt svar er det behov for noko meir tid til å kunne ferdigstille den nødvendige dokumentasjonen og for å få sikra gode prosessar og forankring av dokumentasjonen hjå den ein-skilde databehandlingsansvarlige. Datatilsynet har på denne bakgrunn imøtekome eit ønskje om utvida svarfrist fram til 25. mai 2015.</p> <p>Helse Vest RHF har svart Datatilsynet per brev datert 22.05.2015 på vegne av heile føretaksgruppa.</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>Innleiingsvis i brevet blir det gjort merksam på at konsolideringa til ein database ikkje inneberer at helseføretaka har slått saman pasientjournalssystema. Dette betyr at det i Helse Vest i dag ikkje er ein felles pasientjournal på tvers av verksemdene eller der det er opna for ei generell løysing med tilgang på tvers.</p> <p>Brevet svarar ut alle spørsmåla frå Datatilsynet, og summerer opp at føretaksgruppa arbeider aktivt for å kunne dele pasientinformasjon og gje tilgang til pasientjournalar i tråd med ny lovgjeving, og at målet er å betre pasienttryggleiken og personvernet.</p> <p>Svarbrev frå Datatilsynet datert 06.07.2015 der dei ber om ytterlegare utgreiing av 7 forhold innan 01.09.2015</p> <p>Helse Vest har sendt svar til Datatilsynet innan fristen med etterlyst tilleggsinformasjon.</p> <p>Svar frå Datatilsynet datert 29.06.2016 med varsel om 2 pålegg:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Helseforetaka skal gjennomføre risikovurderingar med omsyn til uautoriserte oppslag gjennomført av egne tilsette 2. Helseføretaka skal etablere funksjonelle løysingar for sperring av journal for deler av journalinnhald og med omsyn til større grupper helsepersonell <p>Frist for å lukking av avvik og eventuelle merknadar er 1. september 2016.</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>Svar frå Helse Vest datert 6. juli, der det bes om ei utsetting av svarfrist til 30. september 2016.</p> <p>Svar frå Datatilsynet datert 7. juli der utsett svarfrist godkjennast.</p> <p>E-post frå Datatilsynet der svarfrista er utvida til ut oktober 2016.</p> <p>Svar frå Helse Vest RHF, dagsett 31.10.2016, med tilbakemelding på status i journalarbeidet i Helse Vest. Svaret er utarbeidd i fellesskap med dei fire helseføretaka. I brevet blei det informert om at det er inngått nye avtalar knytt til samarbeid om felles pasientjournal, og at det er gjennomført to risikovurderingar, datert mai og august 2016. Det skal og gjennomførast ny risikovurdering i november 2016.</p>	
Direktoratet for samfunns-sikkerhet og beredskap (DSB)	Helse Bergen HF	Systematisk helse, miljø og tryggleiksarbeid	31.10.2016	5 avvik 1 merknad	31.12.2016	<p>E-post motteken den 22.06.16 med varsel om revisjon, som vil bli gjennomført i uke 36.</p> <p>Brev motteken den 13.07.16 med plan for gjennomføring av varsla tilsyn.</p> <p>Tilsynet blei gjennomført 06.- 09.09.16.</p> <p>Førebels tilsynsrapport blei motteken 12.10.16, med førehandsvarsling om 5 avvik og 1 merknad. Frist for tilbakemelding 31.10.16. om tiltak for å lukke avvika og den 21.10.16 for andre tilbakemeldingar.</p> <p>Det blei ikkje sendt tilbakemeldingar frå Helse Bergen HF.</p> <p>Vedtak om pålegg ble motteken den 03.11.16.</p> <p>Tilbakemelding blei sendt frå Helse Bergen HF den 15.11.16, med utgreiing av tiltak som skal setjast i verk for å lukke avvika.</p>	08.02.2017

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						<p>Brev motteke den 01.12.16. med informasjon om at DSB aksepterer tiltaka, men avvika blir ikkje lukka.</p> <p>Brev motteke den 17.01.17. med førespurnad om status pr. 31.12.16, med svarfrist 31.01.17. Svarbrev med tilbakemelding sendt frå Helse Bergen HF den 31.01.17. med oppmoding om at avvik 1 og 2 blir lukka.</p> <p>Brev av den 08.02.17 motteke den 14.02.17 med tilbakemelding om at DSB aksepterar verksemdas oppfølging av avvik 1 til 5 og anser tilsynet for avslutta.</p>	
Luftfartstilsynet 17/423	Helse Fonna HF	Tilsyn med Haugesund helikopterplass, sjukehuset. 21.02.2017	27.02.2017	<p>MERKNAD: Flyplasshandboka var noko mangelfull. Følgjande funn blei gjort: Revisjonsnr. og dato mangla, korrekt D-verdi skal vere 12,19 meter, skildring av hinder i sideflatene mangla, nødutstyrlista må bli oppdatert, Flyplasshandboka skal vere gjenstand for revisjon slik at den til ein kvar tid er komplett og korrekt</p>	Innan 01.04.17 melde Luftfartstilsynet med tidsplan for korrektive tiltak.	<p>7.3.17 Brev til Luftfartstilsynet med informasjon om at flyplasshandboka er revidert i høve til tilrådingane som kom fram under tilsynet.</p> <p>10.03.17 Frå Luftfartstilsynet: På bakgrunn av tilbakemeldinga har Luftfartstilsynet lukka tilsynet, og føreset at tiltaka er blitt gjennomført som beskrive i brevet frå Helse Fonna.</p>	10.03.17
Mattilsynet	Helse Førde HF	Nordfjord Psykiatrisenter, kantine, Tema reinhald,	17.10.2016	1 avvik	21.11.2106	Ikkje tilstrekkelege rutinar/sjekklistar for temperaturkontroll	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		temperaturkontroll og allergenmerking.					
Riksrevisjonen	Helse Bergen HF	Utvida kontroll av om helseføretaka si handsaming av uønskete hendingar bidreg til å sikre læring og forbetring. Kontroll av føretaksleiinga og føde- og barselavdelingane	Brev datert 23.11.2015			Tilbakemelding om involverte leiarar er sendt den 27.11.2015. Dokumentasjon med omsyn til handsaming av uønskete hendingar er sendt frå Helse Bergen HF den 08.12.15. og 18.12.15. Informasjon om når intervju skal skje blei sendt frå Helse Bergen HF den 13.01.16.	
Statens legemiddelverk (SLV)	Helse Fonna HF	Tilsyn med blodbanken 9.-11. februar 2016	29.02.2016	Det blei påvist to avvik og gitt tre merknadar. Dei to avvika handlar om at: 1.det er enkelte manglar i kvalitetsstyringssystemet 2.dokumentstyringa og utfylling av dokumentasjon er enkelte plassar mangelfull.	29.08.2016	Frist for lukking av avvik er seks månader etter mottatt rapport. Innan 7. april skal det sendast ein framdriftsplan som viser planlagde tiltak med tilhøyrande tidsfristar. 06.04.2016: Framdriftsplan for lukking av avvik blei sendt til Statens legemiddelverk. 02.08.16 - brev frå Statens legemiddelverk med kommentarar til framdriftsplan. Legemiddelverket ber om ytterlegare dokumentasjon. Frist for tilbakemelding 15.september 2016. 13.09.16 - Etterspurt dokumentasjon er sendt. Brev datert 20.01.17 «Legemiddelverket har gjennomgått den innsendte dokumentasjonen og anser oppfølgingen av tilsynet som tilfredsstillende. Legemiddelverket avslutter med dette tilsynet».	20.01.2017

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Statens strålevern	Helse Bergen HF	Tilsynet er ein del av ein europeisk aksjonsuke med tema «berettigelse med tilsyn av hele berettigelsesprosessen» innan røntgen-diagnostikk.	18.11.2016	Tre merknadar		Brev av den 29.09.16. med varsel om tilsyn den 8.11.16. ved Radiologisk avdeling. Frist for oversending av dokumentasjon og namn på intervjuobjekta er 28.10.16, og dette blei sendt den 25.10.16. Førebels tilsynsrapport blei motteke 21.11.16 med varsel om 3 merknadar, frist for tilbakemelding er 14.12.16. Brev motteke den 12.01.17 der det blir takka for god tilrettelegging i samband med tilsynet, og tilsynssaka blir lukka.	05.01.2017
Statens strålevern	Helse Førde HF	Nukleærmedisinsk apparatur	Tilsynsrapport og varsel om pålegg av 24.10.2016	3 avvik 1 merknad	05.01.2017	Avvik knytt til at: -arbeid med opne radioaktive kjelder vert utført i godkjent type B isotoplaboratorium -nukleærmedisinsk verksemd tilgang til kompetanse innan medisinsk fysikk -etablere system for regelmessige kvalitetskontrollar av nukleærmedisinsk apparatur, inkl. for stråledose og bildekkvalitet. Frist for tilbakemelding 16.12.16/02.01.17 Tilbakemelding frå Helse Førde sendt den 16.11.2016 med innspel. På bakgrunn av dette er tilsynsrapport revidert og oversendt Helse Førde den 30.11.2016. Tiltak er under utarbeiding, og frist for retting av pålegg er sett til den 15.01.2017. For å oppfylle krav, og lukke avvik, er det utarbeidd oppdaterte eller nye prosedyrar/planverk/analyser knytt til det enkelte avvik. Svarbrev til Statens strålevern er sendt 12.01.2017.	
Haugesund kommune 16/3160	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Haugesund sykehus 22.11.16	15.12.16	2 avvik. Avvik 1. Eigar har ikkje	Frist for tilbakemelding og framdrifts-	Brev datert 19.01.17 frå Brannvesenet i Haugesund: «Tilbakemeldingen er tilfredsstillende.	19.01.2017

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				sørgja for at bygningsdelar, installasjonar og utstyr i byggverket som skal oppdage brann eller avgrense konsekvensane av brann, blir kontrollert og haldt ved like slik at dei fungerer slik dei skal. . Avik 2. Brukar har ikkje sørgja for at byggverket blir brukt i samsvar med krava til brannsikkerheit som gjeld for byggverket.	plan 11.01.17	Prioritering og tidsplan for retting av påpekte avvik og anmerkningar ligger innanfor en akseptabel tidsramme. Det forutsettes i den forbindelse at avviket lukkes i samsvar med fremdriftsplanen. Brannvesenet anser dette års/denne gangs tilsyn for avsluttet».	
Karmøy kommune 07/3228	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Karmøy DPS 25.11.16	14.12.16	Inga avvik.			14.12.2016
Stord kommune Brann og redning 11/2572	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Stord sjukehus 22.11.2016	24.11.2016	Eit avvik: Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter om førebygging av brann	24.12.2016	Det er registrert ein del avvik ved bygningsmassen til sjukehuset. Helse Fonna som eigar har gjennomført ein brannteknisk vurdering av heile bygningsmassen. Sjukehuset er godt i gang med å lukka dei fleste avvika. Det er framleis nokre av avvika som ikkje er lukka, og brannvesenet ber om ein tilbakemelding med oppsummering over desse saman med evt. tidsplan for når avvika skal bli lukka. 08.12.16 Svar til Stord kommune-brann og redning vedlagt handlingsplan med tiltak for	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						lukking av avvik.	
Lokale tilsynsmyndigheter/ Odda kommune Brannvesenet (08/693)	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Odda sjukehus 15.03.16	22.03.16	Det blei gitt ein merknad	Frist for tilbakemelding på tiltak er 12.04.16	Handlingsplan for lukking av avvik er sendt Odda kommune den 07.04.2016. 06.01.17 Oppdatert handlingsplan etter branntilsyn 15.03.16 er sendt Odda brann og redning.	
Lokale tilsynsmyndigheter/ Odda kommune Brannvesenet (08/693)	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Odda sjukeheim 15.03.16	22.03.16	Eitt avvik: Nokon branncelle-avgrensa dører tilfredsstiller ikkje funksjonskrav. Det blei gitt 2 merknadar	12.04.2016	Odda kommune nyttar deler av bygget som hadde branntilsyn. Brannvernleder ved Odda sjukehus tar kontakt md Odda kommune, som disponerer deler av bygget, om avviket og merknadane knytt til sjukeheimen. Handlingsplan for lukking av avvik er sendt Odda kommune den 07.04.2016 06.01.17 Oppdatert handlingsplan etter branntilsyn 15.03.16 er sendt Odda brann og redning.	
Lokale tilsynsmyndigheter/ Odda kommune Brannvesenet (08/693)	Helse Fonna HF	Branntilsyn ved Elevheimen Odda sjukehus 15.03.16	22.03.16	Det blei gitt ein merknad	12.04.2016	Handlingsplan for lukking av avvik er sendt Odda kommune den 07.04.2016 12.05.16 Brev frå Odda kommune: Brannsjefen ber Helse Fonna vurdere plassering av brannslangeskap på nytt. 25.05.16 Brev frå Helse Fonna Ny plassering av brannskap er innarbeidd i handlingsplan for lukking av avvik. 06.01.17 Oppdatert handlingsplan etter branntilsyn 15.03.16 er sendt Odda brann og redning.	

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Lokale tilsynsmyndigheiter. Branntilsyn	Helse Fonna HF	Stord sjukehus	12.11.2014	Det er vidareført 1 avvik, som er påpeika ved tidlegare tilsyn. Eigar har ikkje sørgja for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalda i samsvar med gjeldande lovar og forskrifter om førebygging av brann	31.03.2015	Det er utarbeidd ei brannteknisk vurdering av Skansen Consult, og på bakgrunn av denne utarbeida ein handlingsplan som skal følgjast opp for å lukke avviket. Helse Fonna har ikkje motteke svar frå kommunen. Dei fleste avvika er lukka, men noko står framleis att. Det vert planlagt for å lukke tilsynet i 2016.	
Lokale tilsynsmyndigheiter. El-tilsyn	Helse Førde HF	Elektrisk anlegg ved Familiehuset. Tilsyn gjennomført 29.09.2015	Varsel om vedtak av 09.10.2015	1 avvik	07.01.2016	Avvika vert følgd opp og koordinert av drift og eigedom/teknisk drift FSS. Manglande dokumentasjon på internkontroll av elektrisk anlegg. Ikkje systematisk gjennomgang og kontroll av internkontrollen. Helse Førde sendte brev til el-tilsyn om lukking av avvik den 07.12.2015. Helse Førde har inngått avtale om internkontroll med Caverion, stadfesta 16.12.2015.	
Lokale tilsynsmyndigheiter El-tilsyn v/Caverion	Helse Førde HF	Naudmeldesentral Davik	31.08.2015	5 avvik, konkrete manglar knytt til: Leidningar Kabel Isolasjon Kapsling Tavle	31.12.2015	El-tilsyn av naudmeldesentral i Davik som viser 5 avvik med lukningsfrist innan 31.12.15	
Lokale tilsynsmyndigheiter E-tilsyn v/Caverion	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Helse Førde. Tilsyn av el-anlegg	25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, held saka «open» inntil vidare	25.9.15 rapport målingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Vert utført jamleg kartlegging og målingar utover hausten 2015, og vår 2016.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Lokale tilsyns- myndigheter El-tilsyn v/Sunnfjord Energi	Helse Førde HF	Psykiatrisk klinikk, Førde. Tilsyn av el-anlegg	14.05.2014 15.06.2015 25.09.2015	1 jordfeil påvist	Løpande, saka vert halden open inntil vidare	Feilen skal utbetrast og rapporterst til etrygg. Helse Førde rapporterte den 30.10.2014 på avviket, der testar frå Caverion AS ikkje fann jordfeil i anlegg. Tilsyn av 15.06.15 gjorde igjen funn av jordfeil. Frist for tilbakemelding 14.08.15. Bestilt utføring av tiltak frå Caverion i brev frå Helse Førde av 24.8.2015. 25.9.15 rapport målingar utført av Caverion konkluderer med at dette er ein feil som kjem og går. Det er naudsynt med jamlege målingar og ytterlegare kartlegging for å identifisere tidspunkt for feil, og dermed bakgrunn for mangelen. Det er sett opp kontrolltiltak i veke 41 2016.	
Rogaland brann og redning IKS (RBR)	Helse Stavanger HF	Engelsvoll	07.02.2017	2 avvik. 2 merknadar. Avvik 1 og 2 – manglar ved rømmings-vegar Merknad 1; Manglande kjennskap til retningslinjer for brannøvingar og opplæring frå SUS. Anmerkning 2; Manglande informasjon om rutinar for	09.03.2017	Skriftleg tilbakemelding frå SUS dagsett 12.02.2017 på tilsyna, som er funne tilfredsstillande av RBR. Tilsyn lukka.	14.02.2017

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
Rogaland brann og redning IKS (RBR)	Helse Stavanger HF	Ambulanse- sentralen på Bekkeheien	06.02.2017	evakuering ved brann. 2 avvik: Avvik 1 og 2 – manglar knytt til vedlikehald av bygning, instalasjonar og utstyr.	06.03.2017		
Rogaland brann og redning IKS	Helse Stavanger HF	Branntilsyn ved Torgveien 21 a – dagkirurgisk enhet, Hillevåg	24.11.2016	5 avvik, 1 merknad: 1. manglende formalisering av ansvar for brannførebygging 2. manglende sikringstiltak i samband med rømmingsvegar. 3. mangelfullt systematisk	06.01.2017	Del 1 - Avvik 1-5 + 1 merknad er retta mot byggeigar (Westco). Byggeigar har svart ut alle avvika og merknaden. Del 2 - Avvik 1 og 2 er retta mot Helse Stavangers bruk av bygg, og er svart ut den 06.01.2017. Helse Stavanger ventar på tilbakemelding frå Rogaland brann og redning IKS.	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP- PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
				<p>sikkerhetsarbeid.</p> <p>4. manglande dokumentasjon av kontroll på gassanlegg</p> <p>5. manglande dokumentasjon av kontroll og vedlikehald av bygningsdelar og sikkerheitsinnretningar.</p> <p>Merknad: Mangelfull orienteringsplan</p>			
Rogaland brann og redning IKS	Helse Stavanger HF	Gausel/Branntilsyn	23.03.2016	Eitt avvik: Mangelfull kontroll av bygningsdelar	25.04.2016	<p>Rogaland brann og redning ber om at eigar og brukar sender ein felles skriftleg tilbakemelding innan 25.04.2016.</p> <p>Alle rapportar frå Rogaland brann og redning er fortsatt ikkje motteke. I samråd med Rogaland brann og redning er frist for tilbakemelding av den grunn utsett.</p>	
Rogaland brann og redning IKS	Helse Stavanger HF	<p><u>Samla historikk:</u></p> <p>SUS Våland 8. mars</p> <p>Psyk Gausel 15. mars</p> <p>Lassa rehab. 7. april</p> <p>Randaberg DPS 8. april</p> <p>BUP Bryne 11. april</p> <p>Stavanger DPS 1. mai</p>		<p>Lassahagen rehab.</p> <p>Avvik nr. 1: Manglande dokumentasjon av brannøvingar og opplæring</p> <p>Randaberg .</p> <p>Avvik nr. 1: Manglande dokumentasjon av brannøvingar og opplæring</p> <p>Stavanger DPS:</p>	24.03.2014	<p>Under behandling.</p> <p>Helse Stavanger undersøker om dette tilsynet er lukka.</p> <p>Helse Stavanger rapporterer at dei har jobba målretta med opplæring, og at det skal vere eit nytt tilsyn på Lassahagen og Randaberg DPS den 7.-8- april 2016 for å sjå om avvika er retta opp, og tilsynet kan bli lukka.</p> <p>Felles rapport frå Rogaland brann og redning motteke 08.06.2016. Helse Stavanger har gått igjennom rapporten og satt opp</p>	<p><u>Gausel</u> 05.09.2016</p> <p><u>Bryne</u> 05.09.2016</p> <p><u>Stavanger DPS</u> 05.08.2016</p>

MYNDIGHETS-ORGAN	HELSE-FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAPPORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
		Veksthuset 28. september		<p>Avvik 1: Manglande dokumentasjon på kontroll av gassanlegg. Avvik 2: Manglande vedlikehold av gassanlegget.</p> <p>To avvik: Avvik 1: Manglande dokumentasjon på brannøving. Avvik 2: Manglande rutiner for utførelselege hendinger.</p>	03.11.2016	<p>tiltaksliste med framdriftsplan for både avvik og merknadar og tilbakemelding på dette er sendt Rog. Brann og redning IKS 01.07.2016.</p> <p>Tilbakemelding vedr. tilsynet ved Stavanger DPS er sendt Rogaland Brann og Redning IKS den 15.08.2016. All dokumentasjon på oppstartskontroll og drift av gassanlegg på Stavanger DPS er sendt 05.08.2016.</p> <p>BUP Bryne er besvart av byggeigar. SUS Våland handlingsplan med tidsfristar er sendt Rogaland brann og redning IKS.</p> <p>Tilbakemelding er sendt Rogaland brann og redning IKS den 04.11.2016.</p>	
Sivilombudsmannen	Helse Stavanger HF	Planlagt 3-dagars besøk til Psykiatrisk divisjon; seksjon akutt og intensiv psykiatri, seksjon sikkerhetspsykiatri og seksjon affektiv og psykose i løpet av dei neste tre månadene. Dato for besøket vil ikkje bli oppgitt i forkant	Brev datert 08.09.2016			<p>Besøksteamet er tverrfagleg og består av ein psykolog, samfunnsvitatar og juristar. Dei ønskjer synfaring av dei aktuelle avdelingane, møte med sjukehusets leiing og avdelingsleiarar, og deretter samtalar med pasientar og tilsette. Dei vil og ha tilgang til pasientjournalar og tvangsprotokollar.</p> <p>Sivilombudsmannen ber om å få tilsendt informasjon om 34. ulike punkt innan 27. september.</p> <p>Brev frå Sivilombudsmannen til Helse Stavanger, dagsett 07.11.2016, med førespurnad om tilleggsinformasjon. Svarfrist 22. november 2016.</p>	

MYNDIGHETS- ORGAN	HELSE- FØRETAK	OMRÅDE OG TEMA FOR TILSYNET	DATO FOR TILSYNSRAP PORT	HAR RAPPORTEN DOKUMENTERT AVVIK?	FRIST FOR LUKKING AV AVVIK	STATUS I SAKA	SAK AVSLUTTA DATO
						Sivilombudsmannen var hos Helse Stavanger HF med 8 personar frå den 9. til 12 januar 2017, og det ble hold eit sluttmøte den siste dagen. Det er enno ikkje kome nokon førebels eller endeleg rapport frå tilsynet, men den er venta innan sommaren 2017.	
Klageorgan							